

INNDELING AV NORSKE DIALEKTAR

av

Svein Lie

NORSKRIET 47/1985

Det har etter kvart festa seg ein tradisjon for å dele inn dei norske dialektane i to hovudgreiner: austnorsk og vestnorsk, der austnorsk femner om alle dialektane på Austlandet og Trøndelag (og Nordmøre), og vestnorsk dekker dei vestlandske og dei nordnorske dialektane.

Eg vil i denne artikkelen prøve å vise at dette er ei uheldig inndeling, og at vi bør halde oss til ei firedeeling, slik Hallfrid Christiansen (1954) har gått inn for.

Ivar Aasen, som var vår fyrste store dialektgranskare, delte inn dei norske dialektane i tre: 1) dei nordafjelske (= trøndsk og nordnorsk), dei vestafjelske og 3) dei sørnafjelske (Aasen 1965 (1864):316f.).

Amund B. Larsen, vår neste store målførergranskare, slår dei trøndskane dialektane saman med dei austlandske i det som frå da blir kalt austnorsk (Larsen 1897). Men elles er hans inndeling ikkje heilt presis, for det ser ut til at han oppfattar austnorsk og vestnorsk som motpolær, som ytterpunkt på ein skala, og dermed kan ein få dialektar som ligg noko mellom desse. Det er openbertyr for nordnorsk (s. 96f.), som har både austnorske og vestnorske drag, men også "Fjeldbygernes mål" (seinare: midlandsnorsk) "danner i sprogsforhold såvelsom i natur en overgang fra østlandsk til vestlandsk" (s. 49). Dette kunne Larsen seie fordi han baserte inndelinga si ikkje berre på eitt, men fleire kriterium (især jamvektregelen og tjukk !).

Også Ross (1905:14f., 31f.) og Kolsrud (1929:65) deler inn dialektane i to hovudgreiner, austnorsk og vestnorsk. Og det er tydeleg at det er jamvekt som er hovudkriteriet for inndelinga for begge. Etter dette står jamvektregelen fram som det avgjeraende kriteriet i målførreinndelinga, og vi får dermed eit klart skilje mellom austnorsk og vestnorsk. Nordnorsk kjem nå klart inn under vestnorsk.

Seinare granskarar og læreboksfolk held seg til denne todelinga: Bjørkum (i Beito 1974), Helleland og Papazian (1981), Skjekkeland 1977, Vigeland (1981) m.fl. Ei meir utradisjonell inndeling finn vi i Sandøy (1985:113f.). (Merk at kartet i Beito 1974 ikkje følgjer teksten fullt ut. På kartet (J. A. Schulze) er måla i Indre Agder (Setesdalen m.m.) og Nissedal og Fyresdal rekna som midlandsmaål, medan dei i teksten (A. Bjørkum) blir rekna med til sørleg e-mål, slik det elles er vanleg.)¹¹

Mot desse har Hallfrid Christiansen (1954) gått inn for ei firedeling av dialektane i Norge. Ho meiner at ein må dra inn fleire kriterium enn berre jamvekta i inndelinga, t.d.

- apokopen (som fins i trøndsk og nordnorsk, sjølv om reglane for han er noko ulike)
- taletmusikken (intonasjonen)
- enklisefenomen
- skiftet velar/palatal konsonant i bøyning (bok - bokja/bokji o.l.) m.fl.


Sandøy (1985:113f.) skil mellom ei grovinndeling og ei finare inndeling. Dette skiljet er problematisk, for den finare inndelinga er ikkje ei vidare inndeling av dei større målføreområda, men ei alternativ inndeling, der grensene til dels går heilt annleis.

I den grøvre inndelinga si, der han byggjer på jamvektregel og infinitivsending, får Sandøy 9 større målføreområde. Dermed blir skiljet mellom e-mål og a-mål like viktig som skiljet mellom a-mål og austlandsk t.d. I den alternative - eller "finare" inndelinga si, der han dreg inn også hokjønnsendingane, får han ei rad målføreområde. Og han set da dialektar som oppfører seg likt når det gjeld desse to kriteria, saman i same gruppe. Men dermed kjem Søre Østfold, Ytre Agder, Fjordane og Nord-Troms i same gruppe. Etter mitt skjønn er det openbart at desse dialektane har så mange andre drag som er ulike at denne inndelinga blir urimeleg dersom ein er ute etter ei generell inndeling av dialektane.

Når ein dreg inn slike kriterium, finn ein, meiner ho, at det er like mykje som skil austlandsk og trøndsk på den eine sida og vestlandsk og nordnorsk på den andre, som det som bind dei saman (om enn helgelandsmål ikkje gir problemfritt inn i systemet hennar).

Dei fleste stadene i Norge endrar språket seg lite fra ei bygd til den neste. Det kan vere eitt språkdrag eller nokre få, men sjeldan mange på ein stad. Men nokre stader er skilnadene større, og folk flest vil da ha ei kjensle av at det er ei dialektgrense der. I våre vitskaplege termar vil vi seie at vi har mange isoglossar som følgjer kvarandre. Men andre ord: dialektgrenser har vi der vi har buntar av isoglossar.

For praktiske formål vil ein gjerne bruke ein av desse isoglossane, men ofte vil ein da få problem fordi ingen isogloss følgjer dialektgrensene heile tida der der dei reelt sett er. Vi kan tenke oss at vi har eit område med isoglossar som vist på figuren nedafor:



Her er det tydelegaste dialektkiljet langs ei linje som går nord-sør, men som vi ser: ingen isogloss følgjer denne linja fullt ut. Dialektgrensa bør likevel vere der isoglossane går tettast. (Jf. Christiansen u.å.:62, Bloomfield 1935:342, Coseriu 1975:31, König (1978:140f.).

I nyare målførergranskning i Norge brukar ein oftaast jamvekt som kriteriet for inndelinga av norske dialektar. Men dermed støyter ein på visse problem:

1. Søre Østfold har ikkje jamvekt, men skil seg elles ikkje ut frå Østfoldmål, og blir oftaast rekna med til austlandsk.
2. Bykle har (eller har hatt) jamvektsmål og burde derfor reknas med til austlandsk, men andre språkdrag tilseier at Bykle blir rekna med til same gruppe som andre setesdalsmål.
3. I Nordland er det restar av jamvekt (især i Brønnøy og Rana) (Elstad 1982:21), men også her reknar ein desse dialektane som nordnorske - og dermed vestnorske - pga. andre målmerke (unntatt noko av Bindal).

Vi ser altså at sjølv om jamvektregelen er hovudskiljemerket, så er ein nøydd til å sjå bort ifrå det i visse høve for å få ei rimeleg inndeling av dialektane.

Men dermed kan ein også seie at det ikkje lenger er rimeleg å seie at det er jamvektregelen som er grunnlaget for inndelinga. Kanskje ein heller bør akseptere at han er eitt av fleire viktige kriterium.

Å bruke jamvektregelen som kriterium blir enda meir problematisk om ein dreg inn tettstadmål og bymål, for ikkje å snakke om "normalisert" tale, som eg her vil halde utanfor.

I nokre bymål finn ein kløyvd infinitiv, men ein finn ofte -a berre i nokre av dei verba som andre dialektar har -a i. Slik er det t.d. i yngre mål i Tønsberg (Gulbrandsen 1975). Meir problematisk blir det når jamvekta vantar heilt, som t.d. Larvik (Steinsholt 1964:48), som elles blir rekna for å høre til Vestfold-mål, altså austlandsk.

Det sagne finn vi og lenger nord. I yngre bymål i Trøndelag, t.d. Trondheim og Levanger (og truleg fleire) (Dalen 1972:34, 1978:9, 1985:11) finn vi at dei gamle stuttstavingane har fått apokope som dei gamle langstavingane, og

jamvekta er dermed borte. Dette er likevel klart trøndiske dialektar framleis, men det blir dei ikkje om ein held seg strengt til jamvektregelen som einaste kriterium.

Dersom ein på denne måten er nøydd til å sjå bort ifrå jamvektregelen når ein skal gruppere dialektane, så er han heller ikkje lenger det ein baserer hovudinndelinga av dialektane på, men eitt av fleire kriterium. Og dersom regelen slik er detronisert, så kan ein ikkje lenger hevde at austlandsk og trøndsk pr. definisjon hører til same hovudgrein - og likeså vestlandsk og nordnorsk, men det må vurderas empirisk. Ein må da finne ut om det som bind saman t.d. austlandsk og trøndsk, er meir enn det som bind saman t.d. trøndsk og nordnorsk.

Ei slik undersøkjing skal eg ikke gjere her, - det har da heller ingen gjort før - men eg vil nemne nokre drag som går på tvers av den tradisjonelle todelinga:

- Apokope, nemnt først av Aasen, seinare av Hallfrid Christiansen, er eit drag som er sams for trøndsk og nordnorsk. Sjølv om reglane for apokopen er noko ulike, så er det eit viktig kjennemerke ved alt nordafjelsk mål. (Og merk at yngre trøndsk bymål følgjer nordnorske reglar for apokope!)
- Cirkumfleks fins i mange trøndiske og ein del nordnorske dialektar (Elstad 1982:57, Lie 1984).
- Retrofleks konsonantar finns i både austlandsk, trøndsk og nordnorsk.
- Palatalisering av dentalar omfattar alt nordnorsk, trøndsk og nordlige delar av vestlandsk og austlandsk. Ved lang /l/ får vi i staden segmentasjon til /d/ i sørvestlandsk.
- Lengjing av konsonanten i gamle stuttstavingar er mest vanleg i trøndiske og mange nordnorske dialektar (+ østerdalsk). Mest lengjing på vokalen er det i vestlandsk.

- Bestemt fleirtal av hankjønnsord har -an (hestan) i trøndsk og nordnorsk. Elles finn ein mest trestavingsformer (hestane) eller -a (hesta). Også i inkjekjønnsord finn ein -an i nordnorsk og i trøndsk bydialektar, i nokon monn og i hokjønn.
- Pronomenet e(g), æ(g) er vanleg i vestlandsk, midlandske, trøndsk og nordnorsk.
- Pronomenet dokk(er) er typisk for trøndsk og nordnorsk, men fins også i vestlandsk.
- Leddstillinga som vi finn i t.d. Ka du sei? er mest typisk for trøndsk og nordnorsk, men finns också i nordvestlandsk, meir sporadisk nærmest på Austlandet.
- Garpegenitiv (Kari si bok) er vanleg langs kysten frå Rogaland og nordover (men breier seg også i austlandsk, bl.a. i Oslo).

Dette er nokre av dei språkdraga som vedkjem større delar av landet. Og det er ikkje lett å sjå at desse skulle peike eintydig i retning av ei todelinga av dialektane. På nokre punkt går trøndsk saman med nordnorsk, på andre punkt med austlandsk og/eller vestlandsk, og nordnorsk følgjer ofte trøndsk (og austlandsk) istadenfor vestlandsk.

Det finns sjølv sagt mange andre isoglossar som ikkje er tatt med her. Men dei fleste av dei går slik at dei ikkje gir oss argument korkje for den eine eller andre inndelinga.

Eg meiner derfor at den tradisjonelle todelinga av norske dialektar ikkje gir eit rett bilete av likskapar og ulikskapar mellom norske dialektar og at vi derfor må finne ei anna inndeling.

Eit ekstra problem med todelinga er og den namnebruken som blir brukt. Namna på målføreområda burde svare nokolunde til vanleg brukte område namn, men det gjer dei ikkje alltid. At trøndsk er austnorsk og nordnorsk vestnorsk, går klart imot den vanlege bruken av desse nemningane. At nemninga austlandsk berre blir brukt om ein del av Austlandet (den delen som ikkje har midlandsmaål), er og ueheldig. At nemninga midlandske ikkje svarar til noko "Midlandet" er kanskje ikkje så viktig i og for seg, men i og med at Midt-Norge av og til blir brukt om eit heilt anna område, er namnet ikkje ideelt.

II

Dejsom ein gir opp todelinga av norske dialektar, er ei firedeling eller femdeling dei mest nærliggjande alternativa.

Hallfrid Christiansen (1954) meiner at ei firedeling er det beste:

1. Austnorsk
2. Vestnorsk
3. Trøndsk
4. Nordnorsk.

Når ei femdeling er aktuell, er det fordi fleire granskarar deler austnorsk i tre likeverdige område: trøndsk, midlandske og austlandsk. Da blir skiljet mellom midlandske og "austlandsk" like grunnleggjande som skiljet mellom desse to og trøndsk. Dersom ein aksepterer dette, vil det vere naturleg med ei femdeling:

1. Austlandsk
2. Midlandske
3. Vestnorsk
4. Trøndsk
5. Nordnorsk.

Når det gjeld Austlandet, så er det rett nok slik at det er stor skilnad på målet i fjellbygdene og på flatbygdene, men det er også flere drag som bind sammen. Forutan dei draga som også fins i trøndsk (jamvekt, tjukk I, enklitisk -n for han m.m.) har vi også drag som set skilje mellom Austlandet og Trøndelag: Langstava infinitivar endar på -e på Austlandet, ikke cirkumfleks på Austlandet, stort sett lik tonemrealisasjon over heile Austlandet (Fintoft & Mjaavatn 1980).

I tillegg kjem det praktiske problemet med namnebruken: Austlandsk bør tyde "som hører til Austlandet", og da bør også austlandsdalane følgje med.

Ei anna sak er at grensa mellom midlandsk og "austlandsk" (i tradisjonell mening) ikke er helt klar. Især Gudbrandsdalen skil seg på flere punkt fra andre midlandsmål, med t.d. endinga -om der ein finn -o lenger sør (dativ pl., stednamn m.m.), oss (el. vi) istf. me, Sør-Gudbrandsdalen skil ikke mellom sterkt og svakt hokjønn i bestemt form o.a.

Alt i alt meiner eg derfor at det er rimelegast å si alle dialektane på Austlandet saman i ei gruppe, slik Ivar Aasen, Hallfrid Christiansen o.a. har gjort før.

Når det gjeld namnebruken, ville desse fire nemningane gi best symmetri: austnorsk, vestnorsk, midtnorsk og nordnorsk. Men for det første: midtnorsk føreset Midt-Norge, som er uehdlig av andre grunnar (omgrepene er ukjart definert, området er ein del av Sør-Norge, men ikke av Nord-Norge m.m.). Og vidare: Dei vanlege nemningane på landsdelane er Austlandet og Vestlandet, og austlandsk og vestlandsk blir da meir naturleg enn austnorsk og vestnorsk. Det er dessutan neppe heldig å innføre austnorsk og vestnorsk som termar for austlandsk og vestlandsk når dei så lenge har vore brukte annleis. Eg meiner derfor at austlandsk, vestlandsk, trøndsk og nordnorsk alt i alt er dei beste nemningane her.²

2

Om den finare inndelinga av dialektane skal eg berre seie fig.:

Dersom ein held oppe sørvestlandsk som eit eige område, femmer det om mange dialektar som på mange punkt er svært ulike. Det er derfor mange isoglossar som kryssar området, men det djupaste skiljet går truleg nær fylkesgrensa Hordaland-Rogaland. Grensa for lð/lđ/ll går litt nord for fylkes-

Mitt framlegg til inndeling av norske dialektar blir dermed slik:

grensa, skiljet mellom /o/ og /å/ i best. fem. følgjer i dag stort sett fylkesgrensa (Sandvik 1979:93, 98) (Suldal har /o/, Utsira og Torvastad /e/ i sterkt fem og dels i svakt.), og litt lenger sør (nord for Skudeneshavn) går grensa for ptl-bdg. Om lag same staden går iflg. Fintoft & Mjaavatn ei klar tonengrense, som og Thorson (1929:12) har registrert. Truleg er det mest praktisk å bruke fylkegrensa som dele.

Når det gjeld inndelinga innafor det trøndskes området, følgjer eg Dalen (1972, 1978), som er den beste kjennaren av trøndskes mål i dag. Hans inndeling vik noko av frå den tradisjonelle, som er ei tredeling: uttrøndsk, inntrøndsk og namdalsmål.

Det er noko uregitt korleis ein skal dele inn dialektane i Nord-Norge (utanom Bardu-Målselv). A.B.Larsen deler dei inn i tre: dialektane i Helgeland, Salten-Lofoten og Tromsø amt. Kolsrud (1951) har ei noko uklar inndeling, medan Beito (1967) fører Larsens inndeling vidare, men innfører omgrepene Nordlandsmål om dialektane i Nordland nord for Saltfjellet. Denne inndelinga og namnebruken finn ein også i Skjekkeland (1977) og Helleland/Papazian (1981). Vigeland (1981) deler inn i sørleg nordnorsk (Nordland) og nordleg nordnorsk (Troms og Finnmark), og deler vidare det sørlege i Helgelandsmål, Saltenmål og Nordlands-mål. Elstad (1982) kritiserer tidlegare inndelinger, men lanserer ikke noka ny.

Vi veit at det ikke er rimeleg å hevde at det er eit språkskilje mellom Troms og Finnmark. Skilnadene her går noko på tvers av fylkesgrensene. Derimot er det klart at det er noko skilnad på målet i Nordland og målet lenger nord. Det viktigaste språkdraget som bind sammen nesten alt målet i Nordland, er apokopen i infinitiv, som finns anten heilt gjennomført (Salten og Lofoten) eller delvis (Helgeland), medan han vantar heilt i Troms og Finnmark. (Grensa følgjer ikke heilt fylkegrensa - Ofoten og Nordre Vesterålen følgjer her Troms. Elstad 1982.) - Ei anna sak er at Nordlands-mål bør femne om alle eller dei fleste dialektane i Nordland og ikke berre nokre få.

Innafor Troms- og Finnmarks-mål er det rimeleg å skilje mellom nordleg e/a-mål (Ofoten, Nordre Vesterålen, Sør-Troms og Ytre Finnmark) og nordleg e-mål (Nord-Troms og Indre Finnmark).

I. Austlandsk

A. Flatbygdemål

1. Vikværsk
2. Midtaustlandsk
3. Opplandsk
4. Østerdalsk

B. Mid(t)landsk

1. Gudbrandsdals-mål
2. Valdres-/Hallingdals-mål
3. Telemarks-/Numedals-mål

II. Vestlandsk

A. Sørlandsk (egdsk) (sørleg e-mål)

1. Indre sørlandsk
2. Ytre sørlandsk

B. Sørvestlandsk (a-mål)

1. Rogalands-mål (rygsk)
2. Hordalands-/Sognemål (midtvestlandsk)

C. Nordvestlandsk (nordvestleg e-mål)

1. Fjordane-mål (m/ Ytre Sogn)(fjordemål)
2. Sunnmørsk
3. Romsdalsk

D. Bergensk

III. Trøndsk

A. Vesttrøndsk

1. Nordmørsk
2. Fosen- og Ytre Namdals-mål

B. Austrøndsk

1. Inntrøndsk
2. Indre Namdals-mål

IV. Nordnorsk

A. Nordlands-mål

1. Helgelands-mål
2. Salten-/Lofoten-mål

B. Troms-/Finnmarks-mål

1. Nordleg e/a-mål
2. Nordleg e-mål.

BIBLIOGRAFI:

Beito, Olav T. (1967): Norske målførtekster. 2. utg. Universitetsforlaget. Oslo.

Beito, Olav T. (1974): Målføre og normalmål. 2. utg. Universitetsforlaget. Oslo.

Bloomfield, Leonard (1935): Language. George Allen & Unwin. London.

Christiansen, Hallfrid (1954): Hovedinndelingen av norske dialekter. Maal og Minne.

Christiansen, Hallfrid (u.å.): Norske dialekter. Oslo.

Coseriu, Eugenio (1975): Die Sprachgeographie. Verlag Gunter Narr. Tübingen.

Dalen, Arnold (1972): Trøndermåla. I Arnold Dalen og Ola Stemshaug (red.): Trøndermål. Det Norske Samlaget. Oslo

Dalen, Arnold (1978): Trondheimsmålet. Nidaros mållag. Trondheim.

Dalen, Arnold (1985): Skognamålet. Novus. Oslo.

Elstad, Kåre (1982): Nordnorske dialekter. I Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.): Nordnorsk. Det norske Samlaget. Oslo.

Finfoft, Knut og Per Egil Mjaavatn (1980): Tonelagskurver som målmerker. Maal og Minne.

Gulbrandsen, Per Paasche (1975): Nye drag i Tønsberg bymål. Hovudoppgave, INSL, UiO.

Helleland, Botolv og Eric Papazian (1981): Norsk talemål. NRK. Oslo.

Kolsrud, Sigurd (1951): Nynorsken i sine målføre. Jac. Dybwad. Oslo.

König, Werner (1978): dvt-Atlas zur deutschen Sprache. dtv. München.

Larsen, Amund B. (1897): Oversikt over de norske bygdemål. Aschehoug. Kristiania.

Lie, Svein (1984): Om noen følger av schwa-bortfall i norsk. Maal og Minne.

Ross, Hans (1905): Norske bygdemål. Jac. Dybwad. Christiania.

Sandvik, Olav Hetland (1979): Talemål i Rogaland. Rogalandsforskning, rapport nr. 1. Stavanger.

Sandøy, Helge (1985): Norsk dialektkunnskap. Novus. Oslo.

Skjekkeland, Martin (1977): Målføre og normalmål. Universitetsforlaget. Oslo.

Steinsholt, Anders (1964): Målbryting i Hedrum. Universitetsforlaget. Oslo.

Thorson, Per (1929): Målet i Nordaust-Ryfylke. Aschehoug. Oslo.

Vigeland, Bjørn (1981): Dialektene i Norge. Universitetsforlaget. Oslo.

Aasen, Ivar (1965 (1864)): Norsk Grammatik. Universitetsforlaget. Oslo.